

**Sakshandsamar:**

Øyvind Sunde Høstaker  
E-post: Oyvind.Sunde.Hostaker@sfj.no  
Tlf.: 95222168

**Vår ref.**

Sak nr.: 16/3058-51  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

28862/19

**Dykkar ref.****Dato**

Førde, 28.05.2019

Kulturtanken - Den Kulturelle Skolesekken Norge  
Postboks 4261 Nydalen

0401 OSLO

## **Kommentarar til Vista Analyses rapport "Vurdering av ny fordelingsnøkkel til Den kulturelle skolesekken"**

Ut frå utgreiinga som er gjort av Vista Analyse når det gjeld ev ny fordelingsnøkkel til Den kulturelle skulesekken, rår Sogn og Fjordane fylkeskommune til at dagens ordning der 70% av midlane vert delt flatt pr. elev vert vidareført. Vi støttar også at utviklingstilskotet som har vore delt med eit likt beløp pr. fylke fell vekk, og går inn i den samla potten som vert fordelt til fylkeskommunane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at ut frå føremålet med ordninga skal mest mogleg av midlane gå ut til aktiv formidling til elevane via fylkeskommunane (og kommunane). Vi viser også til intensjonane i regionreforma som er å overføre fleire oppgåver og større ansvar til fylkeskommunane. Fylkeskommunane i si rolle som samfunnsutviklarar skal også ta i vare utviklinga innan kunst og kultur. Dette omfattar også formidlinga gjennom Den kulturelle skulesekken. Ut frå dette støttar vi ikkje forslaget om at Kulturtanken skal forvalte 10% av totalsummen til ulike prosjekt.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad  
ass. fylkesdirektør for næring og kultur

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

**Mottakar (ar)**

Kulturtanken - Den Kulturelle Skolesekken Norge Postboks 4261 Nydalen 0401 OSLO

**Kopi:**

KS

Hovudutval for næring og kultur